

Fra: Øyvind Valen <Oyvind.Valen@suldal.kommune.no>
Sendt: 13. mai 2015 09:43
Til: !Postmottak OED
Emne: Høyringsuttale energilova frå Suldal kommune

Høyringsvar frå Suldal Kommune vedkomande høyringsnotat datert 15.04.2015 med forslag til endringar i energilova

Innleiing og samandrag

Suldal Kommune er 100% eigar av Suldal Elverk KF. Nettområde til selskapet er hovudsakleg i Suldal kommune og det har ca. 3.800 nettkundar spreidd over eit stort geografisk område. Selskapet overfører 100 GWh årleg og har 32 småkraftverk tilknytt nettet. Selskapet driv og med utbygging og drift av breiband i Suldal kommune.

Høyringsnotatet referer fleire stader til rapporten «Et bedre organisert strømnnett». Vi meiner denne rapporten gir ei skildring av dagens situasjonen som vi stort sett kan seie oss samde i. Rapporten avdekkjer **ikkje** at det er direkte samanheng mellom størrelsen på selskapa og effektivitet, investeringsvilje, driftsstabilitet eller kryss-subsidiering. Likevel vert det i høyringsnotatet frå departementet dratt fram at det er trong for strukturelle endringar.

Suldal kommune sitt hovudsynspunkt er at det framleis må vera opp til eigar å bestemme korleis verksemda som ein eig skal vera organisert. Dagens krav om rekneskapsmessege skilje, bør vera nok til å føre kontroll med ulovleg kryss-subsidiering.

1. Funksjonelt og selskapsmessege skilje

Forslaget om funksjonelt- og selskapsmessege skilje er eit forslag som vil gi vesentleg større kostnader for små og mellomstore selskap. Som resultat av dette vil truleg mange av desse selskapa bli inkludert i større sentrale nettselskap. Suldal kommune meiner bortfallet av lokale energiverk vil redusere leveringstryggleik og beredskapen i distrikta. Om ønsket om funksjonelt eller selskapsmessege skilje kjem av mistanke om kryss-subsidiering mellom nett og anna verksemd, må det finnast andre måtar å avdekke eller unngå dette på. Små energiselskap er ofte sentrale samfunnsaktørar og yt viktige bidrag til utvikling av lokalsamfunn, spesielt med tanke på breibandutbygging. Normalt er det liten konkurranse på dette feltet i utkantane, og faren for konkurransevriding er minimal.

Truleg er det ikkje mogeleg å driva små, eine breibandverksemdar effektive og lønsame om dei skal driftast som eigne selskap med eigne leiarar, styre og revisor m.m. I NOU 2000:24 (Sårbarhetsutvalget) definerast kritisk infrastruktur som: «*system som når de ikke fungerer vil ha en sterk negativ effekt på samfunnet. Kritisk infrastruktur inkluderer blant annet informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), system for elektrisk kraft osv.*»

Med det fokuset ei nettverksemd har på forsyningstryggleik, vil det vera ein fordel at desse selskapa og tar seg av anna infrastruktur slik som breiband og kraftproduksjon. Breibandnettet er og ofte bygd som del av straumnettet. (Inkludert i jordtråd). Drift av slikt nett krev ofte spesialkompetanse på høgspenning, og driftsstansar bør planleggast samtidig med anna arbeid på linja. Dersom slike operasjonar må koordinerast mellom to separate selskap, kan dette verke fordyrande på drifta

Suldal kommune meiner at EU sitt regelverk om unntak for selskap med færre enn 100.000 kundar framleis skal gjelde.

- **Harmonisering av tariffar**

Suldal kommune er samd i at det bør vera eit mål å redusere variasjonane i tariffane, slik det ligg i mandatet for ekspertgruppa. Det er særskild viktig for utviklinga av distrikta i Noreg å jamne ut dei store variasjonane vi har i nettleiga i landet i dag. Ulikheitene skuldast at sentrale strok i landet har enkle geografiske tilhøve, enkle nett å drifta med stort forbruk, mens distrikta har spreidd busetnad, store avstandar, kostnadskrevjande nett å drifta med vanskelege topografiske og klimatiske tilhøve. Det er og ofte lågt gjennomsnittleg forbruk pr. kunde.

Suldal kommune meiner det bør nyttast ei utjamningsordning som kompenserer for krevjande nett (topografi m.v.), ikkje for eventuell ineffektiv drift. Vi meiner vidare at færre nettselskap ikkje vil vera det viktigaste verkemiddelet for å oppnå harmonisering. Ei utjamning til dømes ved ei omfordeling gjennom sentralnettordninga, vil vera eit betre verkemiddel som kan gjennomførast utan oppbygging av noko meir rigorøse regelverk enn det ein alt i dag har knytt til fastsetting av inntektsramma.

Høyringsuttalen er skriven med utgangspunkt i drøftingar i Suldal formannskap 8. mai 2015

Med vennleg helsing

Øyvind Valen
Rådmann

Torkel Myklebust
Ordfører